

Sogndal 16.02.2012


Brev til Helse og omsorgsdepartementet (HOD) angående høringsuttale på ny Fastlegeforskrift.

Helse og omsorgsdepartementet (HOD) har ute forslag til ny fastlegeforskrift med høringsperiode fram til 22. mars 2012.

I den anledning har legane ved Sogndal legesenter hatt møte i allmennlegeutvalet (ALU), og møtet har resultert i vedlagte uttale.

Kopi er sendt Sogndal kommune ved Rådmannen, samt til Legeforeningen.

Med helsing



Brede Skorve

Tillitsvalgt kommunalt tilsette legar

Sogndal ALU har i møte 15.02.2012 vedtatt fylgjande:

Fastlegeavtalen frå 2001 var forutgått av flere års grundig utprøving i test-kommunar. Reformen har vore viktig for å ha fått til ein velfungerande ordning for å sikre stabil legedekning og den skårer gjennomgåande høgt på undersøkingar der ein spør om pasienttilfredsheit.


Alle lover, forskrifter og avtalar som i sum har gitt dagens velfungerande ordning, kan verte betre. Det er difor ingen prinsippiell motstand mot at ein forsøker å lage ny forskrift for å kunne betre fastlegeordningen ytterlegare. Imidlertid reagerer me stort på at denne forskrifta er utarbeida utan at dei tidlegare avtalepartane, KS og Legeforeningen har vore med i utgforminga av ny forskrift. Ein kan heller ikkje sjå at Helse og omsorgsdepartementet (HOD) har kunna underbyggje påstandane som vert trekt fram i media som grunnlag for at den nye forskrifta har komen i stand.

Helse- og omsorgsdepartementets forslag til fastlegeforskrift inneheld tallrike og motstridende pålegg om tilgjengelegheit, oppsøkende virksomheit, møter og rapportering. I sum er oppgåvene uoverkommelege for fastlegane og forsøk på å oppfylle krava vil medføre svært negative konsekvensar for pasientane. Dei sjukaste med størst behov vil ikkje lenger stå først i køen. Færre pasienter vil bli utreda og ferdigbehandla på fastlegekontoret, noko som må resultera i at fleire pasientar vil bli henvist til sjukehus.

Forslaget til fastlegeforskrift vil etter vårt syn kunna øydeleggja fastlegeordninga. Me ser oss difor nødt til å be om at departementet trekkjer forskriftsforslaget slik det no føreligg og inviterar Legeforeningen og KS med i arbeidet med eit nytt utkast til forskrift. Forskrifta bør byggje på målsetningane om auka kvalitet i tenesta og auka tilgjengelegheit for dei som treng det mest og leggje grunnlaget for at fastlegene blir ein meir integrert del i kommunehelsetenesta. Detaljane må så leggjast til avtalar mellom kommunen og fastlegane i den enkelte kommune med muligheit for lokale tilpassingar og revisjonar.

Dersom forslaget til ny fastlegeforskrift blir vedtatt i sin noverande form vil forutsetningane for gjeldande individuelle avtaler ikkje lenger vera tilstades og fastlegane i Sogndal vil ikkje finna det hensiktsmessig å inngå nye individuelle avtaler med kommunen. Fastlegane i Sogndal vil slutte opp om Legeforeningens vidare strategi i arbeidet for allmennmedisinens framtid.

Med helsing



Brede Skorve
Tillitsvalgt Sogndal